

Referat FAU-møte 21.10.2025 kl. 18.00-20.00

Desse møtte: Mari Eide, Gunn Marit Fossedal, Gro Frøyen, Lise Villanger, Beate Fosse, Ingrid Myrstad, Yasmin Kaml, Irene Sanden.

1. Fau-representantar skuleåret 2025-2026

1. klasse	Lise Villanger	Valt for 2 år
2. klasse	Ingrid Leirvåg Myrstad	På val hausten 2026
3. klasse	Beate Losnegard Fosse	Valt for 2 år
4. klasse	Irene Sanden	På val hausten 2026
5. klasse	Lise Villanger	Valt for 2 år
6. klasse	Yasmin Kaml	På val hausten 2026
7. klasse	Gro Helen Frøyen	Valt for 2 år
8. klasse	Irene Sanden	På val hausten 2026
9. klasse	Gunn Marit Fossedal	Valt for 2 år
10. klasse	Mari Eide	

2. Informasjon om FAU til nye representantar

Leiar, Mari Eide orienterer om FAU til nye representantar

- Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) er et arbeidsutvalg valt av foreldrerådet, og er det utøvande organ for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU sitt formål er å fremme fellesinteressene til foreldrerådet og medvirke til at elevane og foreldre tar aktivt del i og har reel medverknad i arbeidet med å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.
- FAU representant veljast for 2 år
- ca. 4-5 FAU møter i løpet av skuleåret (FAU skal avhalde møte minst 2.kvar månad, minst 4 gonger i året. Utover dette når minst tre medlemmar krevjer eit møte, ref. vedtektene)
- Styret/FAU konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserer og evt. sekretær på det første FAU-møte som vert heldt om hausten, og dei sit i valte verv for 1 år
- FAU skal også velgje 2 representantar og 1 vara til å representere FAU på møter i skulens samarbeidsutval, og 3 representantar og vara til møter i skulemiljøutvalet. FAU-leiaren skal være ein av representantane i begge utvala.

3. Årsmelding skuleåret 2024/25

Mari presenterer forslag til årsmelding skuleåret 2024/25. FAU-representantane har ingen innvendingar til dette forslaget, så vi går for dette forslaget.

4. Planlegge foreldrerådsmøte

- Dato: Onsdag 5. november kl. 18.15
- Stad: Amfiet ungdomsskulen
- Mari lager innkalling
- Kort informasjon frå rektor
- Høyre med Randi om ho kan sei litt om meirope bibliotek
- Ungdomskoordinator blir med på møtet, ynskjer å informere om ungdomsklubben, innspel til opningstider etc.
- Omvisning på nyeskulen for dei som ynskjer?
- Aktivitet for barn i idrettsbygget samtidig? Kan volontørar/10. klasse ha aktivitetar

5. Forslag til endring av namn frå FAU Solund barne- og ungdomsskule til FAU Solund skule

På bakgrunn av at skulen har endra namn til "Solund skule" er det naturleg at FAU følgjer etter og endrer sitt namn til "FAU Solund skule"

FAU-representantane er einige om dette forslaget. Dette vert eige sak på foreldrerådsmøtet.

6. Informasjon frå møte med rektor 25.09.2025

Status skulen hausten 2025 - viser til side 8-10 i tertialrapport 2-2025

Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

- Høyringsfrist 16. november
- Rektor orienterte om tertialrapport for 2. tertial (ligg på kommunen si heimeside). Manglar bl.a litt utstyr til kunst og handverk, samt møblar og diverse på skulen. Fekk gåve på opninga frå Aasen og Øverlid og Hafs Elektro til utstyr.
- Rektor orienterte om status start skulen.
 - Myldrerommet har blitt leikeareal

7. Høyringsinnspel på forskrift om skulefritidsordning i Solund kommune

- Viser til notat sendt på messenger. FAU har mottatt brev 08.10.25.
- Høyringsfrist 16. november
 - Høyringsinnspel kan sendast til Solund kommune
 - Handsamast endeleg i kommunestyre 11.12.25
- Etter forvaltningslova § 37 skal dei som forskrifta gjeld for, få høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken. I denne samanhengen vil det særleg gjelde føresette, samarbeidsutval, FAU og tilsette gjennom fagorganisasjonane.
- Foreslått endring SFO tider
 - Frå første kvardag i august og fram til skulestart, med unntak av plandager
 - I haustferie
 - I vinterferie

- Etter skuleslutt i juni og ut månaden
- Rektor fastset opningstid i skuleferiane, etter dialog med føresette
- Forskrifta trer i kraft straks
- **Høyringsinnspel:**
- Positivt med aktivitet på sommaren. Kan ein ta med seg noko av det inn i SFO på sommartid, høstferie og vinterferie. Samarbeid med andre organisasjonar - f.eks. kajakkpadling med NKKA, leik i fjæra etc.
- Kan det vere ein moglegheit at frivilligsentralen fortsetter med sine aktivitetar, der SFO melder seg på?
- Det må vere nok bemanning. FAU har ønske om høgare bemanning enn ein vaksen per 12 born. FAU foreslår å vurdere moglegheiten til å benytte sommarvikar frå vidaregåande alder som ein del av bemanning til SFO.

8. Smarttelefonfri skule

- **Skal FAU ved Solund skule hive seg på trenden om å ha ein visjon å bli smarttelefonfri skule innan 2030?**

Tar denne saka med på foreldrerådsmøte. Spesifisere at det gjeld for barnetrinnet. Kjem tilbake med forslag til vedtak

- [Smarttelefonfribarndom](#)
- mål om å utsette smarttelefonbruk til ungdomsskolen.
- [Foreldreopprør sprer seg: - Må si stopp](#)
- [Foreldreaksjon sprer seg: 161 skoler ser på smarttelefon-stopp – NRK Sørlandet – Lokale nyheter, TV og radio](#)
- Ved Sjøstrand skole i Kristiansand har FAU satt grensen for smarttelefonbruk til barn født i 2016 og senere.
- Hvis man år etter år tar opp at skolen jobber for å bli smarttelefonfri, og de nye foreldrene får beskjed om at ingen på skolen bruker smarttelefon, tror vi at det innen noen få år vil bli helt naturlig for foreldre å ikke gi barna smarttelefon på barneskolen.

9. Evt.

- Arrangere ei nettvettsamling for foreldre der ein samtidig lagar til aktivitet for dei yngste barna i Idrettsbygget. Td. at 9. eller 10. klasse saman med volontørar kan ha aktivitetar med dei.
- Val av representant 2025/26 SU
 - 1. representant: Leiar Mari
 - 2. representant: Gro
 - Vara: Lise
- Val av representant 2025/26 SMU
 - 1. representant: Leiar Mari
 - 2. representant: Gro
 - 3. representant: Beate
 - Vara: Lise
- Gåve til Solund skule frå FAU: kr. 25 000,-. Kriterie: Noko alle på skulen kan ha nytte av. Be elevrådet bestemme kva denne summen skal brukast til.

FAU-leiar tek kontakt med rektor som kan ta dette vidare til elevrådet. Vert betalt ut når dette er bestemt.